

Fra: Ivar Tore Hetland <ivar.tore@gmail.com>
Sendt: mandag 16. desember 2024 20:59
Til: post@dirmin.no
Kopi: Postmottak; firmapost@rogfk.no; sfropost@statsforvalteren.no
Emne: Svar på høyring om prøveuttak i Eigersund kommune (dirmin sak nr. 24/5463)

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagget

Hetland, 16.12.2024

Til
Direktoratet for mineralforvaltning.

Eg syner til dykkar høyringsbrev av 05.12.2024, der de ber om innspel til Norge Mineraler AS sin søknad om prøveuttak av 23.10.2024. I søknaden går det fram at det er planar om å ta ut totalt 210 m³ stein på landbrukseigedomane gnr. 69, bnr. 1 og gnr. 70, bnr. 2, fordelt på 7 uttak.

Det framgår av høyringsbrevet at uttaler knytt til kommunen sine vedtekne arealdisponeringar ikkje vert vektlagt i direktoratet si vurdering. Dette er likevel moment som er av så stor vesentlegheit at dei må takast med innleiingsvis i denne høyringsuttalen.

Det er søkt om prøveuttak midt i eit aktivt landbruksområde. Arealet er i gjeldande kommuneplan for Eigersund kommune avsett til LNF-føremål med omsynssone H510, omsynssone med særleg omsyn til landbruk. Fylgjande framgår av føresegnene til planen: "Innenfor hensynssonen landbruk, tillates ikke tiltak som kan forringe eller føre til driftsulemper for jordbruks-områdene – tradisjonell landbruksdrift. Hensynssonen omfatter store, sammenhengende jordbruksarealer av høy kvalitet med vekt på matproduksjon og kulturlandskap."

Det omsøkte prøveuttaket er svært omfattande, med sine 7 uttak spreidd over eit stort område. Kvart enkelt uttak er skissert å ha ein storleik på om lag 10 x 10 meter. I tillegg kjem fjerning av jord og lausmassar, og etablering av åtkome for maskinane som er planlagt nytta i samband med uttaket. Med så store inngrep, er det heilt klart at uttaket er søknadspliktig som eit vesentleg terrenginngrep jamfør plan- og bygningslova § 20-1.

Då eit prøveuttak etter minerallova ikkje er i tråd med LNF-føremålet, krev tiltaket i tillegg dispensasjon frå kommuneplanen. Og sidan tiltaksområdet ligg innanfor tidlegare nemnde omsynssone skal slik dispensasjon ikkje gis.

Dirktoratet for mineralforvaltning innvilga tidlegare i år Norge Mineraler AS sin søknad om utvinningsrett på minerala ilmenitt og magnetitt, som er mineral staten hevdar eigedomsrett til jamfør minerallova. I søknaden framstår det derimot som at det er apatitt-innhaldet i berggrunnen som er hovudsiktemålet for prøveuttaket. Minerallova slår fast at apatitt tilhøyrer grunneigar, og eg kjenner ikkje til at søkjar har tileigna seg nokon utvinningsrett på dette mineralet. Selskapet sitt forsøk på å svindla til seg slike rettar gjennom ei aggressiv marknadsføring av ein såkalla opsjonsavtale må derimot reknast som ein total

fiasko. Når søkjar ser seg nøydd til å ta med apatitt i prøveuttaket, tydar dette på at innhaldet av ilmenitt og magnetitt i førekomsten er så lågt at dette på ingen måte er drivverdig i seg sjølv.

Vidare framstår søknaden som svært ufullstendig. Mellom anna er posisjon for 3 av uttakspunkta ikkje avgjort. Det føreligg heller ingen detaljerte teikningar eller skisser som syner korleis terrenget vil bli påverka av eit eventuelt uttak. Dette må synleggjerast for kvart enkelt uttak gjennom detaljerte planteikningar med tilhøyrande snitteikningar. Då søkjar heller ikkje har avgjort kva entreprenør dei vil leiga inn til å utføra tiltaket, vert det og stor usikkerheit med tanke på kva kompetanse som vert henta inn.

Det heile framstår som direkte paradisk når det vert skrivne at Norge Mineraler skal gjennomføra jamnlege inspeksjonar for å kontrollera at miljø- og tryggleikstiltak vert følgde opp. Med tanke på kva praksis føretaket har hatt i samband med tidlegare prøveboring, kan ikkje dette seiast å vera særleg betryggande. Eg vil oppmoda om at direktoratet set seg godt inn i sak nr. 2024/4844 frå statsforvaltaren i Rogaland, som gjev eit godt innblikk i korleis Norge Mineraler fylgjer opp miljøkrav i praksis.

Søkjar syner til at ingen av uttakspunkta er i konflikt med registrerte naturtypelokalitetar. Dette er ikkje så rart, all den tid det ikkje er gjennomført noko heilheitleg naturtypekartlegging i området. Det framstår og som at søkjar har vore svært selektiv i utval av kartlag synleggjort i søknaden. Kartlaget raudliste frå artsdatbanken syner førekomst av kritisk truga vipe, like ved Lomatjørn. Areala rundt Lomatjørn består av opne myrområde, innmarksbeiter og dyrka jord. Den aktive beitebruken på areala, gjer at det ikkje får veksa opp høge tre som kan nyttast som utsiktspunkt for rovfugl. Dette gjer området svært til eit svært gunstig hekkeområde for vipe og andre bakkehekkande fuglar.

Det vert og påstått i søknaden at alle uttaksløkasjonane er plassert i god avstand frå vassførekomstar. Eg merkar meg derimot at løkasjonen 3E4 Option 1 ligg heilt inntil bekken som renn mellom Dybingstjørna og Drangatjørna. Dette seier sitt om kva omgang med fakta søkjar har.

Det må og påpeikast at fleire av dei planlagte uttaka ligg svært nær eigedomsgrenser, slik at tiltaket må påreknast å ha stor påverknad på eigarar og brukarar av langt fleire eigedomar. Dette gjeld mellom anna GBNR. 69/3, 70/8, 71/3 og 93/4.

På bakgrunn av det ovannemnte, kan ikkje søknaden om prøveuttak innvilgast.

Kopi av denne høyringsuttalen vert sendt til Eigersund kommune, Rogaland fylkeskommune og statsforvaltaren i Rogaland.

Med helsing
Ivar Tore Hetland
Eiaveien 260
4376 Helleland